



Gerd og Per Hjelmeland frå Omvikdalen (biletet) var 2 av dei over 20 som svinga seg i Helgheim ikveld. Ivar Kåre og Berit Harriet Døssland var svært fornøgd med frammøtet. Dei danseglade kom frå nærsagt heile Kvinnherad.- frå Husnes og Sunde, via Herøysund til Uskedalen, Omvikdalen og Rosendal. Mellom danseøktene var eitt av samtaleemna dansegallaen på Lofthus sist helg som fleire av dei frammøtte var med på. Det var rundt rekna 20 kvinnheringar på gallaen.

Og ikkje nok med det: Leiinga for hotellet bad om råd også frå uskedalingane om val av musikk til neste galla til vinteren.

Saka vart lufta i kveld utan nokon klar konklusjon, for meiningane om kva som er god dansemusikk er høgst varierende.

Ein annan sak som ikkje vart drøfta var ein eventuell fest med levande musikk i Helgheim utpå vårparten. Det er ikkje sikkert at det vert noko av ein slik fest.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen